

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

Melding til leserne

EØS-komiteens beslutning nr. 5/2014, 7/2014, 23/2014 og 31/2014 ble tilbakekalt før de var blitt vedtatt og foreligger derfor ikke.

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 1/2014**

av 14. februar 2014

2014/EØS/42/01

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2013/261/EU av 3. juni 2013 om godkjenning av eit laboratorium i Ukraina for utføring av serologiske prøver for å kontrollere verknaden av rabiesvaksinar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr. Føresegner om desse tilhøva skal ikkje gjelde for Island, som nemnd i nr. 2 i den innleidande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala, etter nr. 97 (Kommisjonens gjennomføringsbeslutning 2011/396/EU), skal nytt nr. 98 lyde:

- "98. **32013 D 0261:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2013/261/EU av 3. juni 2013 om godkjenning av eit laboratorium i Ukraina for utføring av serologiske prøver for å kontrollere verknaden av rabiesvaksinar (EUT L 152 av 5.6.2013, s. 50).

Denne rettsakten får ikke anvendelse for Island."

Artikkkel 2

Teksta til avgjerd 2013/261/EU på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 152 av 5.6.2013, s. 50.